

Ordførerkandidat Bengt Solheim-Olsen



Kinn skal være
ei kommune med

Muligheter for alle

Kinn Høgre



I Høgre trur vi på enkeltmennesket, næringslivet og samfunnet i felleskap. Høgre vil sørge for at Kinn utviklar seg til det beste for oss alle som bur i kommunen. Det vil gi oss veksten vi treng for å utvikle gode tjenester.



7 grunnar til å røyste Høgre i Kinn



Utvikling gir velferd

Vekst og utvikling er viktig for å skape eit godt samfunn. Dei to byane våre, Florø og Måløy skal være i front for næringsutviklinga i vår region. Høgre vil sørge for at næringslivet vert møtt av ein venleg og forutsigbar kommune, som er enkel å oppsøke, som svarar raskt og har ei positiv innstilling. Vi vil være ein JA-kommune! I Kinn skal det være attraktivt å etablere og vidareutvikle seg. Dette vil gje gode moglegheiter for fleire arbeidsplassar og enklare for ungdom å bli værande eller komme heim etter endt utdanning.


Betre skule for elevar og lærarar

Skulen skal være ein plass for alle, og Høgre vil arbeide for at alle elevar skal få den opplæringa og oppfølginga dei treng. Høgre vil ha ein skule med fokus på kunnskap, kvalitet og tryggleik. Vi vil at alle elevar skal oppleve meistring. Vi vil styrke laget rundt elevane med tverrfaglege stillingar slik at lærarane skal få meir tid til å være lærar og arbeide med å gje elevane den tilpassa undervisninga kvar enkelt treng. Det er viktig at barna si stemme vert hørt og at dei opplev at dei får være med å påverke sin eigen skulekvardag. Slik vil Høgre sikre at fleire elevar har eit godt læringsmiljø, er meir motivert for læring og klarer å fullføre skulegangen sin.



Det skal være trygt å bli eldre i Kinn

Det vert fleire eldre i kommunen vår, fleire treng omsorg på ulike måtar og mange er ensomme. Høgre vil bygge fleire, ulike boligar og god rehabilitering for dei som treng det. Vi må sikre at vi har nok ansatte med rett kompetanse til å sikre behova til dei som treng det. Høgre vil at eldre skal ete godt, ha innhaldsrike kvardagar og at eldre kan være sosiale saman med andre. Vi vil ha gode møteplassar og eit variert kultertilbod for alle, slik at ein kan leve godt gjennom heile livet. Høgre skal sikre alle i Kinn ein god og verdig eldreomsorg, tilpassa eigne behov.



Barnehage når du trenger det

Høgre vil at barn i Kinn skal få barnehageplass når dei fyller 1 år om foreldrene ønskjer det. Då treng vi eit rullerande barnehageopptak. Vi i Høgre trur at kvar familie veit best kva som passar best for dei. Vi vil ha eit barnehagetilbod nær der du bur, slik at det vert enklare å levere og hente barna. Dette vil gje familiene meir tid i ein hektisk kvardag, og barna vert meir kjent med eige nærmiljø. Ansatte med rett kompetanse og bemanning er viktig i barnehagane våre.

Fritidstilbud for alle, i heile Kinn

Vi i Høgre skal alltid være positive til initiativ frå frivillige. Det er viktig med eit variert tilbod både innan idrett, kultur og andre aktivitetar, for å sikre inkludering og god helse. Det beste førebryggande arbeidet mot utanforskap, rus og kriminalitet er mange nok arenaer for aktivitet og meistring. Vi vil legge forholdene til rette for flere fritidstilbud og i samarbeid med frivilligheten bidra til et større mangfold av arenaer barn og unge kan tilbringe fritiden sin på i trygge, rusfrie miljøer.



Du skal ha råd til å bo i Kinn

Det har blitt dyrare å bu i Kinn. Avgifter har auka og eigedomsskatten har nesten dobla seg på få år. Høgre vil halde skatte- og avgiftsnivået nede. Kvar familie og innbyggjar skal sitte igjen med meir av sine eigne pengar. Du veit sjølv kva som er god velferd for deg og dine!

Skape tillit og bidra til samarbeid

Tillit er viktig. Vi politikar må heile tida gjere det vi kan for at dei som bur i kommunen vår har tillit til oss. I Kinn treng vi å betre tilliten mellom oss som skal styre kommunen og innbyggjarane. Vi ønsker å bidra til å bygge eit betre omdømme for Kinn. Høgre skal lytte til folk og næringsliv og vil invitere til samarbeid med alle parti til det beste for folk flest.



Les heile val-programmet

Bruk QR-koden eller gå til hoyre.no/kinn



Hold mobil-kameraet mot QR-koden. Trykk på linken som dukker opp på skjermen



Bengt Solheim-Olsen

Ordførerkandidat

Født: 1968. Fra Florø.

"Min hjertesak er ein trygg og god oppvekst for barn og unge.

For å sikre god inkludering og nok fysisk- og sosial aktivitet må vi satse innan idretts- og kulturaktivitetar."



2. KANDIDAT

Anett Berg

Født: 1973
Fra: Måløy

"Kinn kommune skal være en ja-kommune med muligheter for alle"



3. KANDIDAT

Mats Brunsvik

Født: 1988
Fra: Måløy
"Oppvekstvilkår og miljø i kommunen som skaper heimflytting, samt næringspositiv kommune"



4. KANDIDAT

Arlene O. Vågene

Født: 1975
Fra: Florø
"Ei ja kommune som er positivt til utvikling og som leverer gode tjenester til innbyggjarane"



5. KANDIDAT

Siri Sunde

Født: 1987

Fra: Askrova

"Å investere i ungdom er
å investere i framtida"



6. KANDIDAT

Håkon S. Heggen

Født: 2004

Fra: Måløy

"Gjøre kommunen mer
attraktiv for tilflyttere og
skape et miljø som
tiltrekker ungdom til å
flytte hjem"



7. KANDIDAT

Dagrun A. Kvalheim

Født: 1972

Fra: Måløy

"Jobbe for barn og unges
oppvekstforhold og for
gode
utviklingsmuligheter for
næringslivet i kommunen



8. KANDIDAT

Morten Mortensen

Født: 1961

Fra: Florø

"40.000 innbyggere i Kinn
Kommune innen 10 år"



9. KANDIDAT

Line Sundal

Født: 1973

Fra: Florø

"Det skal være godt å
leve et langt liv i Kinn"



10. KANDIDAT

Ingvar T. Myrvollen

Født: 1968

Fra: Eikefjorden

"videreutvikle Kinn
kommune til å bli en god
kommune å bo i, være
elev i, en som trenger
omsorg i - og være ansatt
i"

Sjå heile lista her

Bruk QR-koden eller gå til hoyre.no/kinn





Vestland
fylkeskommune

Husk

fylkestingsvalget!

Kinn sin kandidat:

Hanne Eva Husebø Kristensen

6.Kandidat til Fylkestinget



Bli med på laget!

Høgre treng fleire medlemmer for å kunne drive ein effektiv valkamp og vinne val. Du kan være med og bidra aktivt, eller kun støtte oss med ditt medlemskap. Velkommen!

Bli medlem her

Medlemskap for yrkesaktive koster 440 kr. Andre grupper betaler 220 kr.
Skann QR-koden og les mer



Gløymde du å røyste Høgre i 2021? Husk at det aldri er for seint å snu! Bli med på laget og røyst Høgre.

**Muligheter
for alle**

Kinn Høgre